


SKRIV OG MELDINGAR

- Brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vedr. «Valrett til styra i bustadstiftingane til sjukehusa i Sogn og Fjordane – melding om vedtak», datert 21.10.2016



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Helse Førde Hf
Postboks 1000

6807 FØRDE

••• HELSE FØRDE	
21 OKT 2016	
Sakarkiv	
Skanna av:	<i>[Signature]</i>

Side 1 av 1

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:
Ina Therese Sørfonden
E-post: Ina.Sørfonden@sfj.no
Tlf.: 41530709

Vår ref.
Sak nr.: 15/9451-23
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internett l.nr.
35446/16
Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 21.10.2016

Valrett til styra i bustadstiftingane til sjukehusa i Sogn og Fjordane - melding om vedtak

Eg viser til vedtak i fylkestinget i sak 32/16. Vedtaket ligg ved dette brevet. Helse Førde har signalisert at del aksepterer ein delt valrett med leigebuarane under føresetnad av at leigebuarane klarer å stiller med ein representant til styret. I tilfelle der leigebuarane ikkje klarer å stille eigen representant, vel Helse Førde heile styret.

Det vert med dette bede om at stiftingane set i gong arbeidet med å endre vedtekten til stiftingane, gjerne i samarbeid med Helse Førde, og søker om omdanning i tråd med vedtaket til Fylkestinget.

Vidare ber eg om at stiftingane og Helse Førde avtalar kven som underrettar leigebuarane om vedtaket.

Med helsing

Paal Fosdal
ass. fylkesrådmann

Ina Therese Sørfonden
juridisk rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Protokoll sak 32/16

Mottakar (ar)

Førde Kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Bustadstiftinga Ved Fylkes- Sjukehuset På Nordfjordeid Postboks 10 6771 NORDFJORDEID
Bustadstiftinga Ved Lærdal Sjukehus 6887 LÆRDAL
Bustadstiftinga Ved Sentral- Sjukehuset I Sogn og Fjordane Postboks 142 6801 FØRDE
Lærdal Kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL
Eid Kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID
Helse Førde Hf Postboks 1000 6807 FØRDE

Kopi til:
Bård Eikeset

Besøksadresse:
Fylkeshuset

Postadresse:
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:
post@sfj.no
Heimeside:
www.sfj.no

Telefon:
57638000
Bankgiro:
4212 02 02000
Org.nr :
NO 941 388 841 MVA



Saksprotokoll

Organ: **Fylkestinget**

Møtedato: 18.10.2016

Sak nr.: 15/9451-22
Internt l.nr.: 35257/16

Sak: 32/16

Tittel: **Bustadstiftingane til sjukehusa i Sogn og Fjordane – overføring av valrett**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget overfører fylkeskommunen sin valrett til styra i bustadstiftingane til Helse Førde. Helse Førde vel då to av tre styremedlemer for bustadstiftingane i Nordfjorddeld og Lærdal, og tre av fire medlemer for bustadstiftinga i Førde. Leigebuarane held fram med å velje ein medlem til styra for kvar av stiftingane. Styret vel styreleiar.
2. Dersom Helse Førde ikkje aksepterer ein slik delt valrett, skal helle valretten overførast til Helse Førde. Styret vel styreleiar.
3. Dersom omdanninga går ut på delt valrett mellom Helse Førde og leigebuarane, legg fylkestinget til grunn at dei med valrett samordnar seg med omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemد og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansettning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem. Endeleg føreset delt valrett at endringa av vedtekten må omfatte ei regulering av valintervall slik at delar av styret er på val kvart 2. år.
4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket. Styret må vurdere om det er andre endringar i vedtekten som må gjerast for å få vedtekten i samsvar med lov.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gje fråsegn i tråd med fylkestinget sitt vedtak når styret søker om omdanning.
6. Dersom styret sin søknad om omdanning omfattar andre vedtektsendringar enn det som går fram av dette vedtaket i fylkestinget, får fylkesutvalet delegert mynde til å gje fråsegn.

Ingen endringsframlegg

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesutvalet fekk 23 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkestinget overfører fylkeskommunen sin valrett til styra i bustadstiftingane til Helse Førde. Helse Førde vel då to av tre styremedlemer for bustadstiftingane i Nordfjorddeld og

Lærdal, og tre av fire medlemer for bustadstiftinga i Førde. Leigebuarane held fram med å velje ein medlem til styra for kvar av stiftingane. Styret vel styreleiar.

2. Dersom Helse Førde ikkje aksepterer ein slik delt valrett, skal heile valretten overførast til Helse Førde. Styret vel styreleiar.
3. Dersom omdanninga går ut på delt valrett mellom Helse Førde og leigebuarane, legg fylkestinget til grunn at dei med valrett samordnar seg med omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemeld og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansettning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem. Endeleg føreset delt valrett at endringa av vedtekten må omfatte ei regulering av valintervall slik at delar av styret er på val kvart 2. år.
4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket. Styret må vurdere om det er andre endringar i vedtekten som må gjerast for å få vedtekten i samsvar med lov.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gje fråsegn i tråd med fylkestinget sitt vedtak når styret søker om omdanning.
6. Dersom styret sin søknad om omdanning omfattar andre vedtektsendringar enn det som går fram av dette vedtaket i fylkestinget, får fylkesutvalet delegert mynde til å gje fråsegn.